

norsk sort i Løken engsvingel, og det arbeides nå med å få i gang frøavl av denne sorten.

Av timotei har vi gode norske sorter. Jeg nevner Grindstad, Forus og de hardføre sortene Engmo og Bodin. De to sistnevnte gir liten gjenvækst, men på de mest utsatte vokseplasser bør de nyttes, og under harde vilkår kan det også være aktuelt å ta med noe engkvein. Rausvingel tar vi nødigg med til tross for gode egenskaper i retning av hardførhet og varighet. De sorter som er å få, er for lite smakfulle.

Vi regner ca. 3 kg frøblanding pr. dekar ved vanlig tilsåing.

## MEN VI HAR TORV

*Av fylkesgartner Gunnar Vannes.*

Gulnande bjørkelauv og fargeglade stemorsblomster som har trassa ei frostnatt og to helsar oss i gartneriet til *Kåre Granshagen i Alta*. Innafor døra møter vi meire farger og blomsterlukt frå krysantemum, begonia, nellik. Det gror i nord. Standardforklaringa er då gjerne: Midnattsol, lys døgnet rundt. Ein del av bygningsmaterialet til plantene kjem frå lufta — og ein god del via røtene frå jorda.

*«Men dette er då rein torv, Granshagen?»*

«Det stemmer det. For 4 år siden tok eg til med å dyrka plantene i rein torv. Det gjekk så bra at nå dyrkar eg praktisk talt alt — nellik, krysantemum, begonia og mange andre potteplanter i rein torv.»

*«Torv og torv. Det kan vel vera så mangt. Har omdanningsgraden noko å seie?»*

«Den torva eg brukar, er forholdsvis lite omdanna. Det kan vera ein fordel. Mykje omdanna torv kan bli for tett etter ei tid.»

*«Og torva må gjødslast?»*

«Ja, vi må tilsetja kalkdolomitt, Fullgjødsel B, fosfat, boraks, jernsulfat, koparsulfat, mangansulfat, zinksulfat, natriummolybdat. Eg tok til med ei standardoppskrift for mengdene av desse stoffene. Seinere har eg forandra litt på den etter å ha studert jordanalyser og veksten hos plantene. Men like så viktig som å bruke rette mengder er det å blanda stoffene jamt i torvmassen. Her i gartneriet sår og sprøyter vi dei ymse stoffene ut over eit bestemt areal av myra. Så freser vi dei øverste 10 cm av torvlaget, måkar ihop den lause massen og køyrer den dit den skal brukast. Det gir fullgod blanding og er lettvent.»

*«Kva reknar du som største fordelene med torv?»*

«For det første er torva fri for sjukdomssmitte, og vi slepp bråket med jorddesinfeksjon. Dessuten er torva ein einsarta masse. Ein veit

kva ein har og veit kva ein skal setja til for at resultatet skal bli godt. Det bør nemnast at torva krev påpasselig vatning. Den må hal-  
dast jamt fuktig, og ikkje få tørka ut.»

Dette var litt om bruk av torv i veksthus. Det hender rett som det er at folk har problemer med å få prydbuskar og blomster til å veksa som dei skal, eller med grasplenen som ikkje blir så tett og grøn som hos naboen. Her kan torv koma oss til hjelp. Den gir jorda ein god struktur. Men torva må bli tilført kalk og næringsstoffer, og dei må blandast godt inn i torva. Det vil truleg vera det beste om denne blandinga skjer maskinelt og at ferdig blanda torv blir selt til f.eks. hageeigarar. Her skulle vera muligheter for ei ekstraintekt. For torv har vi nok av — både i Finnmark og andre stader.

(Etter Norden nr. 21/66).

## NY FORSØKSTEKNIKER PÅ MÆRESMYRA

Det norske myrselskap ble for kommende år innvilget en økning i budsjettet til ansettelse av forsøktekniker ved selskapets forsøksstasjon.

Til stillingen søkes en yngre person med god grunntdannelse, landbruksskole og praksis fra forsøksarbeid. Tilleggsutdannelse i landbruksmaskiner er ønskelig. Forsøkteknikeren blir i sommerhalvåret vesentlig beskjeftet med forsøksfeltene og i vinterhalvåret med laboratorie- og kontorarbeide. Søknad med attestavskrifter og opplysninger sendes til Det norske myrselskap, Rosenkrantzgt. 8, Oslo 1, innen 18. januar 1967.